# BOKN BYGDABLAD

NR. 5 – JUNI 1998 - ÅRG. 13





Hagedagen s. 8



17.mai s. 2



Knarholmen mai-98 s. 7

BOKN KOMMUNE

# 17. MAI I SOMMARVÈR

tekst og foto: Linda Ognøy

Dagen starta med kapproing kl. 08.00. Samstundes opna frokostserveringa på Sjøhuset, for mange er dette ein fin start på dagen.

Deretter tok folketoget oppstilling i Alvestadkroken.



Jens Morten og Aud Leidy med hest og kjerre, gjekk først i folketoget.



Barnehagen hadde øvd seg på sangar, marsjering og hurra-rop i fleire veker, men kom i år så langt bak i toget at dei ikkje kunna høyra korpsmusikken, og forsvann i mengden av vaksne.
Kva med å samla alle barn frå 3 – 5 år å la dei gå først i toget ?



Musikkorpset stiller opp, fylgd av skule, saniteten, barnehage, fest og bunadskledde folk. Toget skulle først innom til 17. mai – gudstjenste i kyrkja, før turen gjekk til Boknatun, med korpsmusikk utanfor Bokn sjukestove.



*Toget på veg til sjukestova på Boknatun.*



Rune Vatnaland, ynskte på vegne av 17. mai komiteen, små og store velkommen til feiringa av dagen.



Venevil Birkelund akkompagnerte til allsangen, deretter las Solveig Ellingsen ein flott prolog av Olaug Hognaland.





Endeleg starta salget av pølser, is og brus. Ungane kan ikkje forstå kvifor dei må venta til programmet er igong i gymsalen. " Dette er ungane sin dag , så kvifor opnar ikkje salget rett etter at toget er opp-løyst?" var det fleire foreldre som undra seg over.





Leif Vatnaland heldt ein fin tale for dagen. Songkvartetten framførte "Menuett i mai" og "Song for Norge" før talen, "Ut mot havet" og "Song for Noreg" etter talen.



*May Jorunn Vatnaland, Ingvild Sæbø, Oddrun Nilssen og Venevil Birkelund*

BORK var på plass med hestar og ponni, noko som var svært populært blant dei minste. Det var lange køar for å få seg ein ridetur eller ein køyretur.





*Det var mange som ville helsa på den vesle ponnien.*



Det var leikar for barn og vaksne. Spikerkonkurransen er ein tradisjon, her ser me Eli Kro i aksjon.



*For dei minste var premien oppi korga svært viktig.*

Nytt av året var plankeløp. Fire lag var med, og det var bondelaget som til slutt gjekk av med seieren.

Her ser me laget frå ungdomsskulen i aksjon



Ei tradisjonell og fin feiring, der 17. mai-komiteèn og dei frivillige hadde gjort sitt for at alle skulle ha ein fin nasjonaldag.

# 17. MAI 1998

- prolog av Olaug Hognaland –

Så er dagen komen som me har venta på. Norske flag og friske tre, det er så fint å sjå. Vakker er våren i år som aldri før, skogen står alt i sitt grøne slør. Bjørk og hegg og rogn er alle tidleg ute, og gauken har erklært at alt er i rute. Salutt høyrest frå sør til lengst i nord, frå ytterste øy til innerste fjord.

Korpsmusikk og trommeslag set kulør på ein høgtidsdag. Mange får marsjera på slottsbakkegrus, og helsa Kongen og heile hans hus. Andre i tog på ein bygdaveg, går i takt med tette steg.

Og kvar som helst i verda der nordmenn er, på denne dag me veit dei er i tankane her. I både aust og vest er det norske flag å sjå. Kansje er det stader, der det lid mot kvelden nå. Men andre stader har dei nett sett dagen gry, og gler seg til å feira sitt fedreland på ny.

Som alle her på jorda har nordmenn kvar sin smak, har ikkje same meining om ei og same sak. Me minnest her i vinter, me såg med skrekk og gru, at kvikksølvet hadde dotte ned heilt til minus sju.

Me sa til kvarandre: Korleis skal det gå ? Til natta blir det sikkert endå kaldare enn nå. Så kom det ein mann fram på skjermen og sa, at tredve minus syntes han var bra. Den gode finnmarking let oss forstå at frostkjælne søringar han vørde lite på. Det ser ut som me merkest av plassane me har fått, me passar der me høyrer til, og det er godt.

Og tenk om dei som styrer land og rike, skulle vera enige og like. Dei vil alle det beste for sitt folk og land, det vil dei gjerne visa, så godt dei berre kan. Men kva som er det beste, det let seg diskutera, og det er me som høyrer på , som veit kva dei bør gjera.

Det har blitt slik at det støtt kjem nye ord, blir brukt ei tid, og går av moten, nett som klær og skor. Og nye ting kjem ganske tett, data telefaks og internett. Satelittar som heng mellom himmel og jord, det går meir en rundt for ei bestemor. Men framtida høyrer ungdommen til det er råd å læra for den som vil.

# INFORMASJONSMØTE OM EUROPIPE II

tekst og foto: Linda Ognøy

Onsdag 06. mai var det informasjonsmøte om Europipe II på Boknatun. Det var godt frammøte, 50 – 60 bokarar møtte opp.

Det blei informert om trasè, kontraktor og byggjeplan for Europipe II.



Den nye traseèn, "Våga traseèn", er godkjent av Fiskeri-departementet, men er enno ikkje regulert i kommunen.

Kontraktoren JV. Kaastoe Pipline, som skal utføra arbeidet, består av: SELMER 50% - LFREYTAG 16,7% - BOLEN & DOVEN 16,7% - P.AARSLEFF 16,7%.

Det fysiske arbeidet vil starta i mai/juni på platået på Austre Bokn. Det skal borast ei sjakt frå toppen av platået, under hovudvegen, og kjem ut rett oppfor vegen til Kro.

Frå Bokneberg skal det flyttast steinmasser til anleggsvegen på Sæbø. Trafikk på offentleg veg skal vera minst mogeleg, men dette er ikkje til å unngå i oppstarten før anleggsvegen er i orden.

På Sæbø vil det bli riggområde og kai for mottak og sveising av røyr.

I juni og juli vil det vera 130 – 160 mann i arbeid, i august 200. Januar 1999 vil ein nå toppen med ein arbeidstyrke på rundt 280. Det vil bli eit stort arbeidspress på Bokn og i området rundt, dei vil og knytta til seg lokale entrepenørar.

Arbeidet skal foregå i skift, 2 veker arbeid, ei veke fri. Arbeidstida vert frå 07.00 – 18.45. For meir lokale arbeidstakarar er arbeidstida 07.00 – 15.00 og fra 15.00 – 22.30. Det blir nattarbeid i tunnelen på Austre Bokn, frå kl. 23.00 – 07.00. Dette vil vera for ein kort periode, og i eit område det forstyrrer lite. Mai, juni og juli er det mobilisering på Knarholmen. Boligriggar, kontorer og kantine skal på plass.

Ein ber om at lokalbefolkninga om å visa respekt for varselskilt og sperringar i anleggsperioden.

---

SELMER YNSKJER Å KOMMA I KONTAKT MED BOKNARAR SOM KAN TENKJA SEG Å LEIGA UT TIL ARBEIDARANE FOR KORTARE PERIODAR, HELGER OG FERIAR FOR FAMILIEBESØK. TLF. 92 85 16 15

**ETTERLYSING**

Bjørn Eirik etterlys fleire bilder til bygdeboka. Viser til april-utgåva av bygdablad s. 3.

# KNARHOLMEN MAI 1998

tekst og foto: Linda Ognøy



Det har skjedd store forandringar på Knarholmen den siste månaden. Brakkeleiren byrjar å koma på plass, og er godt synleg både frå land og sjø.

Odd R. Gresslien seier til bygdablad, at det i alt blir 100 kontorplasser og boligriggane skal gi plass til 240 mann. I tillegg kjem kantine og lagerplass.

Elles kan ein opplysa om at alle husstandar i Bokn som ynskjer det, kan få eit abonnement på Statoil sitt internblad "Gazzette" i anleggsperioden. Bladet blir gitt ut på Kårstø, og kjem ut ein gong i veka.

Ta kontakt på tlf. 52 77 22 00, så får du bladet tilsendt i posten.

Bygdablad presenterer denne månaden Statoil sine representantar og deira ansvarsområde. Har du noko å spørja om er det berre å ta kontakt.

## Statoil sine representantar v.Europipe II.



*ODD R. GRESSLIEN*
*ANLEGGSSJEF*
*TLF. 52 75 20 07*
91 55 67 08



*JOHNNY A. AASE*
*HMS – LEDER*
*TLF. 52 75 20 03*



*NARVE SKOGLAND*
*GRUNNEIERKONTAKT*
*TLF. 52 77 24 04*



*MAGNUS SOLBERG*
*RESTAURERINGSLEDER*
*TLF. 52 75 20 02*



*KARI NAA SLAATTELID*
*SEKRETÆRFUNKSJONER*
*TLF. 52 75 20 05*



*HÅKON TVERAAEN*
*BYGGELEDER*
*TLF. 52 75 20 06*

# AA

Lørdag 9. mai gikk årets hagedag av stabelen. Værgudene var på hagelaget sin side og gjorde det til ein fin dag.



Johan Sandvik, som driver Sandvik gartneri på Hesja var på plass med mye blomster, grønnsaksplanter, roser, trær m.m.




Wenche Jøsang og Jorid Vea fra urtegruppa.

Urtegruppa deltok på hagedagen for første gang. De solgte urter, og kunne svare på spørsmål om urter og bruk av urter. Kansje dette var et innslag som er kommet for å bli.

Styret i hagelaget, med litt hjelp, stod for hele arrangementet, fra annonsering til å lage til før og til å rydde etter på. Vaffeljernet gikk for fullt og folk koste seg med vafler, kaffe og saft.

Loddsalg er et fast innslag på en sånn dag. Her kunne en vinne blomster, urner, blomsterjord, t-skjorte og "Bambi" hagefigur.

Medlemsverving og påmelding til turer stod også på programmet.

Arne Ognøy har funne seg en fin plante



BARNELOPPEMARKED

Her var det flere som hadde forberedt seg godt. Ungene kom med poser og esker fulle av leker som ble byttet og solgt. Det var en god delbamser og andre leker som byttet eiere denne lørdags-ettermiddagen.Dette er et populært innslag på hagedagen som en vil fortsette med.



Hagelaget takker publikum for nok en vellykket hagedag.

*Tekst og foto: Ragnhild Trosnavåg*



# NYTT FRÅ DRIFTSSTYRET



## DRIFTSSTYRET DEN 7.MAI

***OMFANGET AV SPESIALUNDERVISNING I BOKN SAMANLIKNA MED ANDRE KOMMUNAR***

Driftsstyret hadde ei sak om dette som samrøystes vart tatt til orientering. Bakgrunnen for saka var ei tilbakemelding frå utdanningsdirektøren etter eit kontakt- og tilsynsbesøk i Bokn kommune i mai 1997. Her gjekk det fram at Bokn hadde betydeleg meir spesialundervisning enn gjennomsnittet i fylket.
Seksjonssjef skule peika i saksframstillinga på ein del faktorar i måten å organisera spesialundervisninga på, som gjer det vanskeleg å få korrekt samanlikningsgrunnlag. M.a. er det viktig å vera klar over skilnaden på omgrepa "spesialundervisning" og "tilpassa undervisning". Seksjonssjefen meiner difor at ein ut frå oppgitte tal ikkje kan seia om Bokn har fleire eller færre elevar som treng ekstra tilpassa undervisning eller spesialundervisning enn andre kommunar.

***REFORM 97, HANDLINGSPLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING 1998-05-13***

Det vart framlagd ein statusrapport ved utgangen av 1997 til orientering, og driftsstyret godkjende handlingsplanen for 1998.
Kommunen har plikt til å laga ein handlingsplan for kompetanseutvikling etter nærare gitte retningsliner for å få tilskot til kompetanseutvikling. Tilskotet til Bokn er kr. 30.900,-.

***KLASSE- OG GRUPPEDELING SKULEÅRET 1998/99***

Driftsstyret vedtok samrøystes framlegget frå seksjonssjef skule om at Bokn skule skal drivast som fulldelt skule skuleåret 1998/99.
Elevtalet ved Bokn skule vil bli 103.

***TALET PÅ STILLINGAR VED BOKN SKULE***

Driftsstyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg om at seksjon skule frå 01.08.98 til saman har 18,2 heile stillingar til leiing og undervisning og 2,3 heile stillingar for undervisningsassistentar. Rammetimetalet til vanleg undervisning og spesialundervisning, konvertering medrekna, er åp 14.788 årstimar.
Ekstra tiltak for gjesteelevar er ikkje medrekna i denne saka. Rådmannen har fullmakt til å setje i gong tiltak for gjesteelevar innafor ramma av tilskott frå heimkommunen.

Denne saka skal vidare til behandling i kommunestyret den 9. juni.

***ORGANISERINGA AV SKULEDAGEN OG SKULEVEKA***

Driftsstyret vedtok samrøystes at inndelinga av skuledagen skulle vera slik det var tilrådd frå seksjonssjef skule:

- Start og slutt av skuledagen for elevane blir kl. 08.25 og 13.05/14.00. Rådmannen kan vedta mindre justeringar av desse tidspunkta.
- Matpausen bør så langt råd er samordnast for alle klassestega. Rådmannen tek avgjerd.
- Fastsetjing av friminutt/pausar utanom matfriminuttet kan skje gjennom vekeplanlegginga og tilpassa fag/emne og arbeidsform. Rådmannen fastset retningsliner.

Driftsstyret vedtok deretter samrøystes eit framlegg frå Rune Vatnaland:

- 1-4 klasse har 20 veketimar fordelt på 4 vekedagar. Skuledagen blir gjort 10 min. lengre enn den er i dag.

( RA )

TEKNISK INFORMERER

# KOMMUNEPLANKONFERANSE OM LANDBRUKET I BOKN

tekst: Hans Faye – foto: Linda Ognøy

Den 7 mai ble det avholdt kommuneplan konferanse i sjøhuset til Steinar Alvestad om framtidsmulig hetene for landbruket i Bokn.



15 gårdbrukere tok seg tid i en hektisk vårvinne sammen med sentrale politikere til å drøfte næringens framtidsmuligheter og trusler.

Landbruksdirektør Ola Syrstad og redaktør Øivind Bergøy i «Bondevennen» holdt innledningsforedrag om nasjonale målsettinger og alternative driftsformer.

Deltakerene arbeidet i grupper og drøftet ulike problemstillinger.

Konklusjonen etter møtet er at de klimatiske og kommunikasjonsmessige forhold ligger vel tilrette for alternative driftsformer i framtida.annsynligvis bør næringen finne fram til 1 eller 2 felles satsingsområder for å styrke samholdet og kompetansen.

Næringen bør også legge større vekt på nettverksløsninger og sambruk.

Deltakerene var enige om at et landbruk i god drift er av vesentlig betydning for hele lokalsamfunnet. Gjennom arealplanleggingen må en forsøke å sikre naturgrunnlaget og det ble understreket at planleggingen må skje i nært samarbeid med næringen.

Konferansen ga signal om at til tross for enkelte mørke skyer som henger over landbruksnæringen,tyder mye på at med bedre kompetanse og initiativ har landbruket i Bokn gode muligheter i framtida.



# NYTT FRA FORVALTNINGSSTYRET

## FORVALTNINGSSTYRET DEN 29.04.98

- Bokn Nye Fiskemottak A/S hadde søkt om tillatelse til midlertidig plassering av plasthall i tilknytning til bestående bygning. Tillatelse ble gitt for 1 år.
- Aud Alvestad fikk byggetillatelse for ombygging av sjøhus til ferieleilighet i Alvestadkroken.
- Svein Kro fikk godkjent reguleringsplan for steinbrudd på Austre Bokn.
- Som følge av nye saksbehandlingsforskrifter vil forvaltningsstyret vurdere innføring av nye saksbehandlingsgebyr.

# VARSEL OM VEIKRYSSINGER

I forbindelse med arbeidene for Europipe II, varsler entreprenørene følgende veikryssinger.

**Kryssinger gjelder:**

FV 890 Sæbøvegen - Anleggsperiode: 27.05.98 - 27.05.99
FV 893 Hallvardskrysset - Kyrkjebygd skule - Anleggsperiode: 27.05.98 - 27.05.99
FV 892 Trosnavåg - Grønnesatad - Anleggsperiode: 27.05.98 - 27.05.99
FV 898 Tåganes - Kro - Anleggsperiode: 27.05.98 - 31.12.98
E 39 mot toppen av sjakt - Austre Bokn - Anleggsperiode: 27.05.98 - 31.12.98
Kommunal veg - Hålandsvegen - Anleggsperiode: 27.05.98 - 27.05.99
Kommunal veg - Torlandsvegen - Anleggsperiode: 27.05.98 - 27.05.99

**Veiene vil bli skiltet**

**JV Kaarstoe Pipeliner Contractors**



**SOSIALKONTORET INFORMERER**



# *NÅR DU TRENG HJELP TIL Å GREIA DEG I DAGLEGLIVET*

***Praktisk hjelp og tiltak for eldre og funksjonshemma etter Lov om sosiale tenester.***

## *Kven skal eg venda meg til dersom eg treng hjelp til å klara meg i dagleglivet?*

Viss du er avhengig av praktisk eller personleg hjelp for å kunna greia deg i dagleglivet, kan du kontakta sosialkontoret. Dei tilsette her har teieplikt.

Det er ikkje alltid at sosialtenesta sjølv kan yta den hjelpa du er avhengig av. Dersom det er muleg, skal sosialkontoret då visa deg vidare til andre som kan hjelpa deg. Har du t.d. behov for helsetenester, vil du bli vist til kommunehelsetenesta, som skal vurdera nærare kva tiltak som kan vera aktuelle. Ofte vil det vera naturleg med ein kombinasjon av ulike hjelpeformer. Treng du hjelp på grunn av høg alder eller funksjonshemming, kan det til dømes vera aktuelt å få praktisk hjelp av heimehjelpar samstundes som du får helsetenester av heimesjukepleiar.

Sosialtenesta har plikt til å gje råd og rettleiing til alle som tar kontakt med etaten når dei har behov for sosiale tenester.

**Praktisk hjelp og tiltak etter Lov om sosiale tenester vert ytt av kommunen der du bur eller oppheld deg.**

***Kva skal til for at eg skal få hjelp?***

Du har krav på sosiale tenester dersom du ikkje kan dra omsorg for deg sjølv, eller dersom du er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp for å greia deg i dagleglivet. Du har krav på hjelp anten behovet er stort eller lite. Du kan t.d. ha kra på å få utført praktiske gjeremål som du ikkje maktar sjølv, men som er nødvendige for at du skal kunna bu i din eigen heim. For deg som treng meir omfattande omsorg, kan omfattande heimetenester eller plass i bustad eller institusjon med heildøgntenester vera aktuelt.

Kva slags tenester du får tilbod om, er avhengig av kva behov du har. Sosialtenesta skal samarbeida med deg om å kartleggja dei områda der du treng tenester.

Sosiale tenester kan vera aktuelt både for eldre, funksjonshemma og barnefamiliar som ikkje sjølv maktar nødvendige praktiske gjeremål og omsorgsoppgåver.

Barnefamiliar kan ha krav på hjelp anten hjelpebehovet skuldast funksjonshemming eller dårleg helse hos barna eller foreldra.

Personleg økonomi er ikkje avgjerande for om du har krav på å få dekt behov for sosiale tenester, men du kan bli kravd for eigendel etter nærare reglar.

**Er du heilt avhengig av sosiale tenester for å klara deg i dagleglivet, har du krav på hjelp anten hjelpebehovet ditt er stort eller lite.**

***Kan eg sjølv velja kva slags tenester eg vil ha?***

Sosialtenesta skal ta omsyn til kva du meiner om kva slags tenester du treng. Etaten har difor plikt til å samarbeida med deg for å finna ut kva som er dine reele hjelpebehov. Det er likevel sosialtenesta som ut frå ei samla vurdering avgjer kva tenester du skal få tilbod om.

**Sosialtenesta skal samarbeida med deg om å kartleggja kva slags hjelp du treng.**

***Kva slags tenester kan vera aktuelle?***
Dei fleste kommunar vil kunna tilby eit breitt spekter av tenester og serviceordningar for å dekka eit hjelpebehov, men tilbodet kan variera alt etter kvar du bur. Dei mest sentrale tenestene er lovfesta:

***Praktisk hjelp og opplæring***
Praktisk hjelp kan gjevast til eldre, funksjonshemma, barnefamiliar og andre personar som treng bistand til praktiske gjeremål i heimen. Tenestene kan m.a. omfatta reingjering og personleg stell som ikkje går inn under ordninga med heimesjukepleie. Tenestene vert utført av heimehjelpar.

Somme kan hjelpast ved at dei får opplæring i husarbeid, matstell, personleg hygiene og liknande. Poenget med slik opplæring er å gjera vedkomande mest muleg sjølvhjelpen. Det er ofte tenleg å kombinera opplæring med praktisk hjelp.
For somme kan regelmessig tilsyn gje den tryggleiken som skal til for at dei skal klara seg i daglegl ivet. Kommunen har også tryggleiksalarm som kan tildelast. Ved å bruka denne får den hjelptrengande direkte kontakt med alarmsentralen på sjukeheimen.

***Støttekontakt***
Støttekontakt kan vera eit viktig tiltak overfor brukargrupper som barn, ungdom og vaksne med psykiske problem, funksjonshemma og andre. Viktigaste oppgåva til støttekontaktane er som oftast å vera med på å skapa ei meiningsfylt fritid gjennom sosialt samvær på brukaren sine premissar. Ei vanleg oppgåve for støttekontakten er å fylgja vedkomande til ulike fritidsaktivitetar.

***Tilpassa bustad eller bustad med heildøgns omsorgstenester***
Viss du ikkje klarer deg sjølv fordi heimen din ikkje er tilrettelagd for dine hjelpebehov, kan sosialtenesta hjelpa til med å skaffa tilpassa bustad. Tilpassa bustad kan vera aktuelt både for funksjonshemma, eldre og andre som er avhengige av spesielle hjelpetiltak.

***Sjukeheim***
Viss du har behov for heildøgns omsorgstenester på grunn av høg alder/sjukdom, kan det vera aktuelt med plass i sjukeheim anten som korttidsopphald eller varig opphald.

***Kan den som yter omsorga få hjelp?***
Det fins også sosiale tenester som skal letta situasjonen for den som utfører tyngjande omsorgsoppgåver. Dette er tenester som gjeld anten det er familiemedlemmer eller andre som utfører omsorgsoppgåvene. Desse tenestene kan koma i staden for eller i tillegg til hjelpeordningar som rettar seg direkte til omsorgsmottakaren.

***Avlasting***
Foreldre har lovfesta plikt til å ta seg av barna sine. Det daglege omsorgsarbeidet kan likevel vera så tungt og krevjande at dei har behov for å bli fritekne frå omsorgsoppgåvene i kortare eller lengre periodar. I slike situasjonar kan avlastingstiltak vera løysinga. Avlastingstiltak kan ha ulike former og kan gjevast i eller utanfor heimen, alt etter kva behov den einskilde har.

Avlasting vil i nokre tilfelle vera ein forutsetnad for at foreldra skal kunna ha omsorga for funksjonshemma barn, eller at pårørande skal vera i stand til å ta hand om pleietrengande foreldre.
Mykje av omsorgsarbeidet overfor eldre, funksjonshemma og andre vert ytt av personar som ikkje har juridisk plikt til å ta omsorgsansvar.
Avlasting kan vera nødvendig for at omsorgsytarane skal kunna ta ferie, delta i fritidsaktivitetar osv., og dermed få eit nødvendig avbrot i omsorgsarbeidet.

Alle kommunar skal ha avlastingsordningar som ein del av tenestetilbodet sitt.

***Omsorgsløn***
Den som utfører særleg tyngjande omsorgsarbeid, kan søkja om omsorgsløn.
Omsorgsløn kan innvilgast både til den som yter omsorg på frivillig basis overfor foreldre, ektefeller eller andre, og til den som har omsorgsplikt overfor mindreårige barn.
Omsorgsløn er ingen lovfesta rett. Det er kvar einskild kommune som avgjer om ein skal få utbetalt omsorgsløn og eventuelt kor mange timar det skal betalast for.

# HELSESEKSJONEN INFORMERER

## GÅVER TIL BOKN SJUKESTOVE

**Sjukestova** har fått ei pengegåve på kr.50.000,- frå eit eldre ektepar i Bokn.

Pengane skal brukast til beste for pasientane, elles er det ingen vilkår for bruken av midlane. Vi takkar på vegne av pasientane, og skal forvalta gåva med omhu.
Gjevarane ynskjer å vere anonyme.
Helsetenesta/sjukestova har heilt frå oppstarten fått gåver frå einskildpersonar, pårørande og lag og organisasjonar. Dette dreier seg om utstyr som er med og betrar lege- og ambulansetenesta, utstyr/inventar til sjukestova og pengegåver. Vi vil takka for desse gåvene, som har stor betydning for innbyggjarar i akutt sjukdomsfase eller for personar som ikkje lenger kan klara seg heime. Det viser at folk i bygda bryr seg, og er ei god oppmuntring for oss som arbeidar i helsetenesta.

## STYRKING AV BEMANNINGA PÅ NATT I PLEIE OG OMSORG

Dei siste månadene har vore ei tøff tid for personalet i pleie og omsorg. Behovet for hjelp har auka frå veke til veke både på sjukestova og i heimetenestene. I samband med arbeidet med handlingsplanen for styrking av eldreomsorga, som vart utarbeidd like etter nyttår, hadde vi store forventningar til auka tilskot frå staten.
Skuffelsen var imidlertid stor då det viste seg at vi ikkje fekk meir enn det som var oppgitt i rundskriv før årsskiftet,- kr.133.100,-. Dette er knapt nok til å dekka ei halv stilling, og planen innebar ei satsing på nesten 1,5 mill.kr.

Frå sentralt hold var det lagt opp til ei storsatsing i eldreomsorga, og pleie- og omsorgstenesta i Bokn er lågt bemanna.

I planen for Bokn er det lagt til grunn at ein om natta skal ha to personar i aktiv vakt, ein hjelpepleiar/omsorgsarbeidar og ein sjukepleiar. No har vi ein sjukepleiar i kvilande vakt (bakvakt) om natta. Det er eit sårbart system, fordi sjukepleiaren som har vakt om natta og skal arbeida påfylgjande dag.
To nattevakter vil ha stor innverknad på tenestene vi kan tilby folk i heimane på døgnbasis.
Kvaliteten på pleien om natta vil bli betre, ein kan vera to om løft,osv. I tillegg vil det vera til god hjelp på sjukestova (morgon- og kveldsstell), spesielt i helgene.

For folk på bygda vil dette innebera at dei om natta får raskare hjelp ved akutt sjukdom, fordi vakthavende sjukepleiar ikkje skal stå opp og kle seg før ein kan rykka ut.

I kommunestyremøte den 5.mai vart det sett fram benkeforslag om sjukepleiar i aktiv vakt på natt frå 1.juli i år. Forslaget vart debattert i kommunestyret, som ga sin tilslutning til at stillingane kunne lysast ut med forbehald, for at det skulle vera mogeleg å få til ei snarleg styrking av bemanninga. Denne saka skal opp til endeleg avgjerd i kommunestyremøte i juni.

## KVALITETSSIKRING I HELSESEKSJONEN

Det er komme forskrifter som pålegg kommunane å kvalitetssikre tenestene som vert ytt til brukarane av pleie og omsorgstenester. For å få eit godt grunnlag for å arbeida med dette, hadde dette personalet eit felleskurs på Rennesøy den 14.mai. Assisterande fylkeslege Ole Mattis Hætta arbeider spesielt med dette, og han var ein inspirerande og kunnskapsrik forelesar for oss denne dagen.
Innad i seksjonen må ein no arbeida vidare med dette, noko som er tidkrevande, men interessant. Ein organisasjon må utvikla seg om ein skal kunne fylla behova i dagens samfunn, og dette arbeidet vil medføre at vi må evaluere all deler av tenesteytinga. Helst skulle det vore brukarane som evaluerte oss, og tenestene vi yt til befolkninga i Bokn.

I dei fleste tenester er det mogeleg å gjere ting betre, og vi vil tru at dette arbeidet vil medføra noko slikt og for oss.

Påfylgjande dag, den 15.mai, var sett av til fagkurs, kor vi fekk grundig gjennomgang av ein aktuell sjukdom, og det som er nytt på området.

## NYE MEDARBEIDARAR I SEKSJONEN :

**Sara Helen Log** starta 25.mai i heil stilling som avdelingssjukepleiar. Ho er 26 år , og har tidlegare arbeidd i Osteoporoseprosjektet ved legesenteret på Gard-senteret.
**Tor Egil Frøyland** (22) og **Arno Bratland** (25) startar begge i vikariat som avdelingssjukepleiarar den 22.juni. Dei har vore i Bokn i praksisopplæring som sjukepleiestudentar, og kjenner difor systemet her godt.

## *BUSTADTILSKOT TIL ETABLERING I BUSTAD*

**Tilskotet skal hjelpa vanskelegstilte grupper med svak økonomi til å få ein nøktern og funksjonell bustad med overkomelege kostnader.**
**Fylgjande grupper kan søkja:**

- **Fysisk og psykisk funksjonshemma med svak økonomi**
- **Særleg vanskelegstilte husstandar**
- **Unge i etableringsfasen**

**Øvre inntektsgrense for ein einsleg person er ca kr. 140.000,-**
**Inntektsgrensa blir sett opp med ca. kr. 20.000,- for kvar husstandsmedlem**
**Med inntekt meiner ein løn, pensjonar, bidrag og barnetrygd**

## *BUSTADSTØTTE TIL TILPASSING AV BUSTAD*

**Tilskotet skal hjelpa vanskelegstilte grupper med svak økonomi, t.d. eldre og funksjonshemma, slik at dei kan få ein bustad som over tid fungerer godt i forhold til bevegelsesvanskar eller andre funksjonshemmingar.**
**Tilskot kan gis til oppføring av ny bustad – utbetring av bustad eller til kjøp av bustad.**
**Tilskotet er behovsprøvd. Det vert gjort ei vurdering av søkjaren sitt spesielle behov for tilpassing av bustad, og av familien sin samla økonomi.**
**Søknadsskjema for ordningane kan ein få ved Bokn sosialkontor, tlf. 52 74 85 00**
**Søknadsfrist: 01.08.98**

# KUNNGJERING BOKN KOMMUNE

**VEDTATT REGULERINGSPLAN FOR GASSRØRLEDNING-EUROPIPE II OVER DEL AV AUSTRE BOKN**

**Med heimel i PBL § 27-2 av 1985 har Miljøverndepartementet stadfestet Bokn kommunestyres vedtak i møte den 11.03.98. Godkjenning gjeder den vestligste traseen over Austre Bokn fra Boknasundet og ca. 380 m aust.**

**Krav om erstaning i.h.t. PBL § 42 må setjast fram seinast 3 år etter kunngjeringsdato.**

**Forvaltningstyret**

SERIE GLIMT FRÅ BOKN!

I serien GLIMT FRÅ BOKN! presenterer Bokn bygdablad ulike avisutklipp frå Bokn-historia. Denne gong kan du lesa om innviinga av Hognaland skule 08.08.54

# BOKN HAR NOK SKOLEROM TIL ÅR 2000 OG VEL SÅ DET.

**Herredet får sitt tredje nye skolehus siden 1940 innviet søndag flott moderne bygg med stort skolebad erstatter 100 år gammel rønne på Hognaland.**



Søndag 8.august blir det tipp topp moderne skolehuset i Hognaland krets av Vestre Bokn innviet . Fylkesskolestyret og skole-direktøren er invitert til høytideligheten. Dette er en av en merkedag for boknarane. for i og med innvielsen va Hognaland skolehus, har Bokn sørget for at samtlege tre kretser i herredet har fått nye og tidsmessige skolebygg. Austre Bokn fikk nytt hus i 1940, og etter frigjøringen er det oppført to nye skoler, et i kirkebygda og et i Hognaland krets, dette som nå skal innvies. Og dermed rekner en med at Bokn har skolerom nok for 50 år fremover og vel så det.

Det gamle skolehuset på Hognaland var nær 100 år gammelt dat det ble revet i vår. Det var trekkfylt og falleferdig og så lite at man uten vansker kunne plassere det inne i etav de to klasserommen i det nye bygget. i Hognaland krets er der 40 barn og skolen er tre-delt. De siste 8 – 10 åra har en klasse fått undervisning i et mindre tilfredstillende lokale på bedehuset, som ligger like ved skoletomten. Dette sier ikke så lite om behovet for nye lokaler.

Skolehuset som nå skal innvies ligger på samme tomt som det gamle. På en to mål stor tomt som for lengst er inngjerdet og opparbeidd med en tidsmessig leikeplass. Huset ligger godt i terrenget med klasse-rommene vendt mot sør. Fra vinduene er det god utsikt over Boknafjorden, en kan se helt til Kvitsøy. Huset som er 1½ etasje, d.v.s. kjeller og , er oppført i mur og tre og har en grunnflate på ca. 170 kvm. Det er to store klasserom, sløydrom og bad, og hele huset har uvanlig flott innredning både innvendig og utvendig. Dette er et av de triveligste og peneste skolehus vi har sett på våre kanter hittil. I kjelleretasjen som er fullt utnyttet, ligger sløydrommet som er 13 meter langt og 6 meter bredt. Dette rommet som er malt i to blåfarger, kan også brukes til fest- eller møteklokale, eller gymnastikksal om det er behov for det. Her er to mindre materialrom, og et lite kjøkken som har helt moderne utstyr med elektrisk komfyr o.l. All elektrisk installasjon er klar, så nå er det bare for Karmsund Kraftlag å sørge for den nødvendige kraft.

Det mest imonerende i kjelleretasjen er elles skolebadet. Det er holdt i helt hvitt og er utstyrt med 6 styrtbad, karbad, benker og garderobe. Det er på tale om at dette kan bli Bokns første folkebad, men det er et spørsmål som seinere må behandles av skole- og herredstyre.

Første etasje har foruten to klasserom på ca. 40 kvm. også naurfagrom og lærerværelse. I klasserommene er det lagt inn høgtaler. Korridorene er rommelige og utstyrt med de 1953. Allerede ved nyttårskifte i år ble man på grunn av husvansker nødt til å begynne undervisningen i det nye bygget. Maler-arbeidet kunne først gjøres nå i ferien, og en la siste hånd på verket i ukene før innvielses dagen.

Arkitekt for bygget er Ludvig Imsland, Stavanger. Murarbeidet er utført av Th. Tollefsen , Stavanger byggearbeidet av Ånen Øvrebø, Vestre Bokn, rørleggerarbeidet ved Stavangerfirmaet S. Wold og elektrisk

nødvendige garderobeinnrettninger. En større hall i kjellern er hellelagt, og hele huset er elles malt i lette, friske farger, med tydelig sans for det dekorative.

Til skolen hører et tilbygg som gir plass til regnskur, sykkelstall, wc, o.l.

Skolebygget vil fullt ferdig komme på vel 200.000 kroner. Det ble påbegynt i begynnelsen av året i fjor og sto klart til jul i

installasjon ved Olaf Rønning og Co., Stavanger.

I byggenemda var Jens L. Vatnaland formann og medlemmer ellers var Eirik Våga Loten og Arne Dagsland. Med alle andre i søre delen av Bokn gleder de seg nå over at Hognaland krets endelig har fåttsitt eget nye skolehus. Det har vært arbeidet for dette i 16 – 17 år.

*Haugesunds Avis 04.08.54*

## NY SKOLE INNVIET PÅ BOKN

**I går ble den nye Hognaland skole på Bokn innviet. Høytideligheten tok til med gudstejneste i kirken, dernest var det lunsj for innbudte på skolen, og om kvelden var det innvielsefest.**

Gudstjenesten i Bokn kirke var ved sokneprest Hermansen, som preket for en nesten fullsatt kirke.

Det dårlige været utover ettermidagen og kvelden klarte ikke å legge noen demper på feststemningen, verken hos de femti innbudte til lunsj eller hos de ca. 200 som deltok i festen om kvelden. Ved lunsjen holdt formannen i byggenemda, Jens L. Vatnaland, en kort andakt. Ordfører Osmund S. Våga ønsket deretter velkommen. Halvor S. Øgereid overrakte en pokal til Hognaland skole. Skoledirektør Fjermeros sa deretter noen ord.

Den egentlige innvielseshøytidligheten om kvelden foregik i en fullpakket sløydsal. Lærer Ole Midtvåge åpnet og ledet festen. Vigslingstalen ble holdt av skoledirektør Fjermeros. Etter en salme ga Midtvåge ordet til formannen i fylkesskolestyret, Øksnevad, som lokket både slit og latter fram. Så skulle skolen offisielt "overrekkes" i de rette hender. Formannen i byggenemda , Jens L. Vataland, nevnte først enkelte ting fra reisingen av skolen, og overga derpå skolen til kommunen. Ordfører Våga takket bygge-nemda for vel uført arbeid, og overleverte bygget til skolestyret. Skolestyre-formannen Jakob Thuestad takket og lovet at styret skulle gjøresitt for skolen, og leverte det da til siste instans, kretsen, og kretsformannen, fru Margrethe Laupland, takket. Flere tidligere lærere sa noen ord, og soknepresten avsluttet festen.

*Haugesund Dagblad 09.08.54*

Flyfoto fra 30. mai 1963

# BARNESIDER

**Vinnarar av mai-oppgåvene blei:**

Oppg. 1 (a , b og c): Ivar Jordbrekk Ognøy
Oppg. 2 : Vibeke Borgenvik
Oppg. 3 (a , b og c): Bjarne, Kent Viggo og Alexander Thuestad

**GRATULERER!**

( Ingjerd Thuestad og Linda Ognøy har stått for trekninga).

Vinnarane vil få kvar sin Ekstra-kupong tilsendt.

---

**LØYSINGAR FRÅ MAI-BARNESIDENE**

**Oppg. 1 a**

| | | | |
|---|---|---|---|
| H | A | N | E |
| A | L | E | N |
| N | E | P | E |
| E | N | E | R |

**Oppg. 1 b**

| | | |
|---|---|---|
| S | I | L |
| O | S | E |
| F | E | T |
| A | N | E |
| | | |

**Oppg. 3 a**



**Oppg. 3 b**

Norsk by: Lillehammer

**Oppg. 1 c**

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | **S** | O | L | | |
| | | K | **L** | O | K | K | E |
| | | K | **A** | M | | | |
| | B | I | **L** | | | | |
| | | B | **Å** | L | | | |
| T | R | O | **M** | M | E | | |
| | | I | **S** | | | | |
| | | | **K** | O | P | P | |
| | | F | **I** | S | K | | |

**Oppg. 2**

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| P | Å | S | K | E | F | E | R | I | E |
| **A** | **P** | **E** | **R** | | E | T | E | R | |
| K | N | E | E | T | | T | I | R | R |
| N | E | R | V | E | R | | S | I | |
| I | S | | E | N | E | R | E | T | T |
| N | | S | N | Å | L | E | | E | I |
| G | Å | | D | R | E | I | E | R | |
| | G | R | E | I | | E | N | E | R |
| R | O | E | | N | O | R | D | | E |
| U | T | S | A | G | N | | E | L | V |

**Oppg. 3 c**

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| K | R | Y | D | D | E | R |
| O | | R | E | X | | U |
| N | Y | | S | | G | I |
| F | E | R | S | K | E | N |
| E | N | | E | | N | E |
| K | | E | R | T | | R |
| T | I | L | T | A | L | E |

# NYE OPPGÅVER

**Frist: 19.juni**

## Oppg. 1 a

**Løysingsord**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | V | | |
| | | R | | | |
| | | | P | | |
| | | S | | | |
| | | | S | | |
| | | V | | | |

ÅR, MO, ER,
RO, HU, EL,
DYR, MUS,
LAM, MOR,
RAN, SOL

De 12 ordene skal sammen med de seks bokstavene i diagrammet danne seks nye ord i de vannrette linjene. Når oppgaven er riktig løst, vil det fremkomme et ord i det markerte diagonale feltet. Hvis du vil sende inn løsningen, trenger du bare å sende løsningsordet.

## Oppg. 1b

Finn 16 norske byer, vannrett og loddrett.

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| H | A | M | A | R | V | O | S | K | S |
| A | R | E | N | D | A | L | A | Å | T |
| U | L | A | R | V | I | K | N | L | A |
| G | R | I | M | S | T | A | D | E | V |
| E | I | T | A | B | R | B | N | L | A |
| S | S | M | N | O | O | E | E | U | N |
| U | Ø | O | D | D | M | R | S | N | G |
| N | R | S | A | Ø | S | G | L | D | E |
| D | O | S | L | O | Ø | E | I | P | R |
| D | R | A | M | M | E | N | E | S | G |

## Oppg. 2 a

| | | |
|---|---|---|
| 1 | 2 | 3 |
| 4 | | |
| 5 | | |
| 6 | | |

**Vannrett**
1. Gnål
4. Tidsrom
5. Fuglemat
6. TV-kanal

**Loddrett**
1. Trut
2. Leker i snøen
3. Bag

## Oppg. 2 b

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | 2 | 3 | 4 |
| 2 | | | |
| 3 | | | |
| 4 | | | |

**Vannrett/loddrett**
1. Klesplagg
2. Jorde
3. Vakkert
4. Tirre

## Oppg. 2 c

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | | ■ |
| 6 | | | | | ■ | 7 |
| 8 | | ■ | | ■ | | |
| 10 | | 11 | | 12 | ■ | |
| | ■ | 13 | | 14 | | |
| 15 | 16 | | ■ | 17 | | |
| ■ | 18 | | | | | |

**Vannrett**
1. Ukedag
6. Busk
8. Drikk
9. Uttalte
10. Søvnig
13. Arr
15. Sal
17. Kna
18. Auksjonen

**Loddrett**
1. Slektning
2. Smerter
3. Tall
4. Falle
5. Arne Røed
7. Bilmerke
11. Jentenavn
12. Sen
14. Utstyre
16. Røyk



# VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET



## BOKTIPS:

Carter, George: Urter i hagen

Greenwood, Pippa: Hageeierens oppslagsbok

Fielding, Helen : Bridget Jones`dagbok

**OPNINGSTIDER:**

**TIRSDAG : 10.00 - 13.30**

**ONSDAG : 16.00 - 19.00**

**TORSDAG : 10.00 - 13.30**

**Hugs å låna bøker til ferien før 06. juli.**

**Biblioteket har stengt i tida:**

**06. JULI – 10. AUGUST,**

**OG YNSKJER ALLE LÅNARANE EIN FIN SOMMAR!**



## BOKMELDING !!!




FORFATTER: AnneJ.Elven
TITTEL: Sannhetens løgner
FORLAG: Cappelens forlag a/s. 1997.
HOVEDPERSONER: Sol, Rago, Elsina, Bror, Kailinn, Raymond, Ask, Eira, Tori, Pran, Vic og "folket" uten for.

FRA OG OM BOKA !!!
I en frem tid ikke så fjern vår egen tid lever 16 år gamle Sol ett regulert og beskyttet liv i en kuppel by.
Glasstakene over byen demper de farlige solstrålene og holder pollenallergien på avstand. Men under kuppelen trives livsløgnen og fortielsen.
Sol lever ett perfekt liv helt til hun er 16 år, da tar hele livet hennes en helt annen vending.
Sol blir forelsket i Ask som hører til "folket" utenfor.
Far til Sol, Rago, dør.
Halvbroren til Sol, Bror = Leon svikter henne når hun trenger han mest.
Sol rømmer sammen med Ask som er tatt til fange av Bror.
Sol og Ask rømmer til Sorasil, der møter Sol Eira og Tori.
Sammen drar de for å befri Ask som igjen er tatt til fange av Bror.
Vil du vite hvordan det går med Sol og Co?
Viss du vil, da løper du til biblioteket og låner boka Sannhetens løgner, skrevet av Anne J.Elven.

HANNA AKSDAL.
9.KLASSE. BOKN SKULE.

SERIE

# STUBBAR OG ORIGINALE SVAR

*- av Elisæus Vatnaland, lagt til rette av Birger Lindanger -*

## Friarsoger

### "eg tenkje på å hekta meg"

Ein husmann under Vatnaland blei for over hundre år sidan enkjemann. Han festa då til seg ei taus frå Tysvær. Sjølv om dei begge var noko oppi åra, blei det til at dei ville gifta seg. Husmannen laut sjølv kring og by til bryllaups, men var ikkje større van med slikt. Ein dag var han innom han Jakob - næraste naboen - og skulle invitera til fest. "Du Jakob" let han om, "eg sko'kje hefta deg litt om lørdag". "Det kjeme an på kva det gjelle", svara Jakob. "Jog - du skjøna eg tenkje på å hekta meg attåt eit kvinnfolkbråt" fekk han til svar.

### "Det sko'kje vore gjort, dette"

For kring 175 år sidan var det tronge kår på ein gard sør på Vestre Bokn. Stor gjeld og anna elendighet gjorde det uvisst om bonden her kunne sitja med garden. Det blei leita etter utvegar, og han kom til at einaste utvegen var å gifta den 20-årige sonen med ei kone med mykje pengar. Dette tok han opp med ein slektning på Are. Og han kom i kontakt med ein velståande familie i Sørbø-sokna på Rennesøy.

Der fanst ei dotter i gifteklar alder som kunne høva. Ho var kanskje ikkje noko flogvit, men blei halden for å vera eit bra og arbeidsomt menneske. På den andre sida var visst ikkje heller guten mellom dei mest oppvakte, og hadde ikkje mykje han skulle sagt då det stunda til bryllaups heime hjå svigerforeldra på Rennesøy.

Slekta på Bokn samlast ved Lauplandsvågen, då dei skulle segla til bryllaups over fjorden til Galta. Brudgommen gjekk mest for seg sjølv og stura. Og medan dei gjekk slik og venta på at alt folket skulle samla seg, fann dei guten ståande bak eit naust og gret. "Det sko ikkje vore gjort dette, eg kjeme ikkje te å få ein glad dag meir", klaga han. Men i dei dagar var det ikkje vanleg at det var romantikken som la par saman.

Større framgang på garden blei det heller ikkje - velstanden frå Galta fekk ein snar ende. Det vart å berga seg med ny lånegjeld, og trivnaden heime kunne vore større. Likevel berga dei seg gjennom på eitt vis og fekk leva på garden alle sine dagar til ende.

### "Deg ville ho'kje ha"

Noko før hundreårskiftet budde ein dreng som heitte Asseus på Boknaberg. Der slo han seg til vens med Matias, ein av sønene på garden. På denne tida hadde tausa Helena festa seg som tenestejente i Føresvik. Så gjekk det ikkje likare enn at Asseus fall for jenta. Men å snakka med henne, våga han ikkje. Til det var han for blyg.

I staden gjekk han til Matias, kompisen sin: "Kanskje du Matias, som er meir for deg, kunne snakka med henne og spør om ho ville vera kjærasten min" bad han. Dette gjekk Matias med på. Han måtte berre få litt tid på seg, og nytta høvet når det kom.

Men så gjekk det ikkje likare enn at Matias òg fekk sans for jenta. Tida gjekk og Asseus høyrde ikkje noko meir frå Matias om det han lengta etter å få svar på. Men så bar det til at han høyrde folkesnakk om at " an Matias gjekk itte 'na Helena i Føresvigjå". Asseus tykte ikkje noko større om denne tidenda og kravde grei beskjed frå Matias om det var så at han -som hadde lova å vera forlovsmannen hans - hadde teke jenta frå han. Var det slik, var det ikkje fritt for at det også kunne vera pryl i vente.

Matias kom no i knipa. Asseus var både større og sterkare og det kunne vanka vel mykje bank som løn for fantestykket. Då fann han svar som berga han or klemma:"Eg spurde fyrst for deg, men deg ville ho ikkje ha. Og so spurde eg for meg sjølv etterpå, og då svara ho ja." Dette svaret slo Asseus seg til tåls med. Helena og Matias blei sidan gifte medan Asseus slo seg saman med ei jente frå Alvestad. Desse to utvandra sidan til Amerika og blei storfarmarar der.



# ORDET FRITT



## OPPGRADERING AV EKSISTERENDE FOTBALLBANE OG ANLEGGET RUNDT

Navnet vårt er Bokn Idrettslag, og som det framgår er det ikke bare fotball det dreier seg om i laget vårt, selv om det er noen som kanskje kan ha en oppfatning av dette. Vi arrangerer en god del forskjellige aktiviteter i løpet av et år så som firebruers løpet/marsjer/idrettsmerker/danser/bingoer/aerobic etc. etc. Disse aktivitetene gjør at vi er nødt til å ha en medlemsmasse som gir oss i styret tilbakemeldinger på hva vi foretar oss – både negativt og positivt. Det er på bakgrunn av dette vi ønsker å komme med en uttalelse om forholdene på og rundt fotballbanen med opplysninger som vil være på sin plass for å få en helhet i dette.

Etter siste kommunestyremøte har idrettslaget mottatt en god del spørsmål om hvorfor vi ikke har kommet med utspill i saken om fotballbanen og området ved skolen. Siden vi er den største brukeren av banen og har en tomt i nær tilknytning er det kanskje på plass med noen ord.

Bokn Idrettslag har anskaffet seg en tomt som ligger like ved fotballbanen i den hensikt at vi ønsker å være så nærme fotballbanen som mulig pga tilhørigheten til det som skjer på og rundt banen. Bokn kommune kom i etterkant og spurte om idrettslaget kunne tenke seg å bytte tomt slik at kommunen fikk anledning til å bygge barnehage der hvor idrettslaget i dag har tomt. I bytte skulle vi få tomten der hvor kommunen planlegger å legge barnehagen i nær freamtid. Et enstemmig styre i idrettslaget takket nei til denne henvendelsen. Samtidig med dette ble vi gjort oppmerksom på at kommunen hadde satt av kr 200.000 til oppgradering av fotballbanen - noe vi satt stor pris på å høre. Det hører med at det ikke er forelagt søknad om tippemidler foreløpig til dette prosjektet.

Kulturkontoret tok kontakt med et anleggsgartnerfirma for å få på det rene hva som kunne/burde gjøres. For å lage en lang historie kort fikk vi vite at det kunne plusses på en ekstra null på de 200.000 kronene som var satt av. Dette med den begrunnelse at hele matten måtte tas opp og dreneres på skikkelig måte, samt et helt nytt toppdekke. Vi, styret i idrettslaget, diskuterte dette og fant ut at det fikk være grenser for hva en skulle gi seg i kast med. – Det var den gang!

Nå har det skjedd så mye på kort tid at en kan begynne å lure på hva som er tilfelle og hva som er rent tøv. Å gå ut ifra rykter fungerer som regel dårlig, så vi utelater det og prøver heller å gi en kort og grei framstilling sett ut fra idrettslaget sitt synspunkt. Det er nemlig saker som vi overhodet ikke har noe med i denne sammenhengen, men det finnes også saker som vi finner grunn til å ta opp. De er:

**FOTBALLBANEN – LØPEBANEN – TRIBUNEN**
Dette er områder vi bør og skal mene noe om fordi vi daglig er bruker av disse områdene. Når det her sies vi, menes alle medlemmene enten de spiller fotball, tar idrettsmerke eller er publikum under en av idrettslagets kamper/arrangementer.

**Rogaland Fotballkrets sier følgende:**
"Rogaland Fotballkrets ønskede mål er 100 x 60m på en fotballbane. Rogaland Fotballkrets ønsker at det skal være "kul" på midten av banen med helling ut til hver side"

**FAKTISKE MÅL** (undertegnede står selv for disse målene)
Banen er pr dags dato 91 x 60m, dvs 9m for kort.
Banen har en margin på 1m ut til løpebanen, målt ut fra de hvite linjene.
Løpebanen har en bredde på ca 5m (avhengig av hvor på banen man måler).
Innenfor løpebanen er "tribunen" i skråningen som vårt publikum/medlemmer står/sitter på. Denne har en bredde på ca 2,5m.

**SYNSPUNKTER:**

Fotballbanen er generelt i dårlig forfatning og MÅ oppgraderes dette året. Hvis ikke er vi overbevist om at det vil ta "evigheter" før det skjer. Dette begrunnes med de planer vi har sett for hva en tenker å gjøre med området. Banen har et veldig grunt dekke og blir således lett hard utover sommeren om den ikke vannes ofte nok, men til gjengjeld så forekommer det aldri overflatevann på denne banen. Så hva er da poenget med å ta opp hele dekket for å drenere og legge nytt? - Banen heller 70 cm fra vest mot øst og dette må det rettes på blir det sagt fordi det danner seg vann på løpebanen i øst. Undertegnede kan absolutt ikke huske at han har hatt følelsen av å spille i motbakke. (Selv om det kanskje ser slik ut av og til). Overflatevannet på løpebanen representerer ikke noe stort problem. Kan om nødvendig fjernes med enkle midler. – Banen trenger nye fotballmål. – Banen kan og bør forlenges med 9m. – Banen kan bli meget god om en klipper den jevnlig og

fyller på i "hullene", sår nye frø til høsten, og med andre ord STELLER GODT MED DEN. Dette er blitt forsømt til de grader de senere år, og kommunen/politikere har seg selv å takke for det. – Man bør sette opp retningslinjer for bruk av banen: Når begynner sesongen for bruk av gressmatten, dette må gjelde for *ethvert* formål, og når slutter den. Hvilket beløp vil kommunen sette av til dette vedlikeholdet hvert år? I alle tilfeller alt for lite i tidligere år.

**PUBLIKUM/MEDLEMMER:**

Vi er totalt avhengig av at vi har medlemmer som støtter oss til enhver tid både innad og utad. Det betyr veldig mye at vi får tilbakemeldinger på det vi gjør. I så måte er det utrolig viktig at vi har et publikum på våre hjemmekamper som føler opp gang etter gang for å se på når vi taper eller vinner kampene. Vi skulle selvfølgelig ønsket at det var flere som tok seg tid, for vi trenger virkelig "drahjelp" på kampene. Da er det vi vil fram til: Hvor har en tenkt å plassere en tribune hvis skråningen fjernes? Hvor skal ungene få utfolde seg om det ikke er plass til de i løpebanen ved skråningen når de voksne ser på kampen? Hvorfor tar dere politikere dere ikke en tur på en av våre kamper og ser hvordan dette fungerer?

Konklusjonen er:
Bruk kr 200.000 til det formål som de var tiltenkt til og gjør det i år.

Bokn Idrettslag
styreformann
Steeven Høyland

## MITT PERSONLIGE SYN PÅ DETTE MED IDRETTSANLEGG OG FOTBALLBANER

Hvorfor ikke begynne å tenke langsiktig – kanskje 8 – 10 år frem i tiden og begynn allerede nå å planlegge hvor vi bør legge disse aktivitetene.

Hvorfor skal alt legges mitt i ett allerede trangt område år det finnes utrolig med plass andre steder.
Bare for å nevne ett sted, uten at jeg vet hvem som er eier, så må vel lyng og myrheiene utover mot Arsvågen være ett bra alternativ. Her vil det ikke oppstå de problemer som lett oppstår i allerede eksisterende byggefelt og en vil ha en lett tilgjengelighet til anleggene.

Det jeg søker etter er å få det inn på kartet allerede, slik at en kan lage en handlingsplan for årene fremover, både budsjettmessig og arealmessig etc.

Når jeg ser hva andre får til rundt om i distriktet så må det vel være muligheter for kommunen, idrettslaget og andre å få til dette?

En evig optimist
*Steeven Høyland*

# "VEIEN TIL BOKNATUN"

Bokn kommune hadde folkemøte, der Statoil var representert. Dette var med tanke på trafikksikkerhet når anleggstrafikken setter inn for fullt. Statoil har endog utbedret mang av veiene våre, og det er kjempebra.

Nå er det på gang en ny vei her på øya - "VEIEN TIL BOKNATUN", og det burde være en "smal" sak å få til . Det har de jo også klart plannemda, å få den smal mener jeg. Skikkelig boknastandard! Ingen to-feltsvei med dertil hørende sykkel og gangsti nei! Her skal det stå i stil med resten av gangstiene vi har fra før. (Bortsett fra de som Statoil har utbedret da.) Skulle man være i tvil om hvilken vei det er snakk om, ta da en titt i forrige bygdablad. Der står den, svart på hvitt og gliser i all sin prakt! Jeg vil kalle det et hånflir mot Bokn`s befolkning. Det bør vel nevnes at dette kun er en *planskisse*, og ikke noe som er endelig. Heldigvis får man si, for blir dette en realitet, er jeg ikke sikker på hvilke signaler politikere her på øya sender ut til Bokn`s befolkning.

Skal vi godta at en innfartsvei blir lagt rett ved siden av fotballbanen, skolen og barnehagen (den som er på planskissen foreløpig)? Skal vi godta at politikerne her på Bokn gir blaffen i trafikksikkerheten når det gjelder barna våre?

Skole, barnehage og ellers der barn måtte komme i kontakt med veien, skal gjerdes inn selvfølgelig. Er sikkerheten ivaretatt da? Er det nok? Hva med deling av byggefelt, igjen? Det er jo en kjensgjerning at en del av byggefeltene våre har stor ulempe av veien som går ***gjennom*** dem. Skal vi gjøre noe slikt igjen? Hva med belastningsevnen til veien? Selv om det blir en INNFARTSVEI, ikke en gjennomfartsvei, blir det selvfølgelig kjøring frem og tilbake. Vareinnkjøring til Boknatun, barnehage og skole. Buss med skoleunger osv.

Vær klar over at belastningen på veien øker med årene. Dette med tanke på videre bebyggelse nordover, og det skal jo være en vei til den, eller? Skal vi godta at en vei med like "god" belastningsevne som den allerede eksisterende veien har, blir iverksatt? Veiens bredde blir nemlig ikke stort ***større*** enn den vi har i dag. Det vil også bli et veikryss som kan karakteriseres som uhyre LITE trafikksikkert. Nitti graders vinkel så å si, og ***dem*** kjenner vel flere til.

Det er klart det ikke er alle på Bokn som har et forhold til fotballbanen, men mange har det, det er faktisk et ganske viktig møtested for ung og gammel. Sosialt sett burde man *ikke røre* banen, løpebanen eller området rundt. Da tenker jeg på aktivitetene på banen og rundt den, ikke minst rundt. Miljøet har utviklet seg til å bli barnas plass, med ballspill og lek om sommeren, akebrett og ski om vinteren. Hva med heller å utvikle dette? Skal vi godta at politikerne tar dette fra barna vår, og fra oss voksne?

Bokn kommune har et HMS ansvar å ivareta, helse miljø og sikkerhet. Skal man da legge en innfartsvei rett oppi en skole og en barnehage, der hvor det er høyest konsentrasjon av det mest dyrebare vi har, nemlig barna våre! Er dette å ta ansvar? Skal vi ødelegge banen for all fremtid og dermed miljøet rundt? Må det bli en påkjørsel før man innser skadevirkningene en slik vei vil påføre oss? Å neida! Det skal tas "hensyn" til "lommeboka" til Bokn kommune! Vi skal heller satse på skytsengelen som har passet på oss til nå, fortsetter med det! For selvfølgelig er forslaget på planskissen det BILLIGSTE alternativet som foreligger.

En plannemd skal planlegge for fremtiden, det er også gjort, men til hvilken fremtid? Min påstand er at man bare flytter et problem, ikke løser det.

Det finnes andre alternativer. Det koster penger, 2-3 millioner. Jeg er villig til å være med betale HVA SOM HELST for å ivareta MINE barns sikkerhet! Også min egen og resten av Bokn`s befolkning.
Er det flere med meg?

Med vennlig hilsen
nestleder i Bokn Arbeiderparti
Elisabet Gundersen



# MINNEORD

Jakob M. Øvrebø er død, nær 86 år gamal.

Han vart fødd og voks opp på Austre Bokn. Foreldra var Karen og Martin Øvrebø, og i barneflokken på seks var han nummer fem. Han vart gift med Klara f. Grønnestad, og saman fekk dei 3 barn.

Som ung var Jakob på islandsfiske. Seinara var han matros på kystbåtar, nattruta og på "Tungenes", der han var til han vart pensjonist.

Jakob var ein stille, roleg og hjelpsom mann. Han var glad i hagen og hagearbeid, og likte å gå tur , fiska til husbruk og han lytta til musikk. Jakob koste seg svært saman med oldebarna.

Jakob etterlet seg ektefelle, 3 barn, 2 svigerbarn, 8 barnebarn og 9 oldebarn.



# MINNEORD

Else Marie Lofthus døde på fødselsdagen sin, 66 år gammel.

Ho vaks opp på Austre Bokn. Foreldra var Serine og Lars Øvrebø. Else vaks opp saman med ei søster og ein bror. Ho vart gift med Arne Lofthus i 1951.

Yrket hennar var kokk, og saman med sønn og svigerdatter, dreiv ho "Else`s delikatesse og selskapsmat".

Else var glad i hagearbeid, likte å sjå ting spire og gro. Ho var engasjert i kreftsaka, var med i "Civetan" , og arbeide for "Sykehuset i våre hender".

Else var snill og hjelpsom , hadde evnen til å gi og glede andre. Fekk ho laga til selskap for familien med god mat, trivdes ho best.

Else etterlet seg 1 datter, 1 sønn, 4 barnebarn og 2 oldebarn. Ho vil bli sårt sakna.

## BOKN HAGELAG

### Høgtrykksspylar til leige

150 bar
15 m slange
Tornado lanse til spyling av kloakk, og rørrenser.
Bilbørste
Kraftig og god spyler.
kr.100,- (medl.)
kr.200,-(ikkje medl.)

### VEDLIKEHALD AV BRANNSLOKNINGS-APPARATER

**Mandag 08.06 kl. 09.00 kan huseiere levere brann-slokningsapparater til kontroll på brannstasjonen. Apparatene bør merkes.**

**Brannsjefen**

## BARNEKOR I BOKN

Til hausten vil ein prøva å starta barnkor i Bokn. Det vert Songkvartetten som er musikalsk ansvarleg og står for øvingane.

Det er etter eit initiativ frå dåpsopplæringsutvalet under soknerådet at ein prøver å starta koret. Koret vil verta spurd om å delta i familiegudstenester ellers vert dei nok eit populært innslag ved mange arrangement i Bok kommune.

Det vert lagt opp til at dei skal øve inn alle slags bornesongar både med kristent og ikkje kristent innhald.

Øvingane vil ein prøva å leggja til kyrkja. Ein vil ha fast øving annankvar måndag og somme tider litt tettare etter behov. Øvingane vil vera på ettermiddag slik at ein er heime til barne tv.

Dei som kan vera med må fylla 5 år dette året og så er det alle som har lyst me har ikkje ei øvre aldersgrense. dei mest aktuelle aldersklassane vil få eit brev i posten i august. Elles vil det koma meir informasjon i bygdablad seinare.

*-dåpsopplæringsutvalet-*

## TRIMFEST FOR ALLE

Sundag 28. juni er det klart for Firebruersløpet/Bruamarsjen igjen. I Firebruersløpet er løypene halvmaraton (21,0975 km) og 10 km.
I Bruamarsjen kan du gå halvmaraton i tillegg til løyper på 5 og 10 km. Alt startar på skulen.

Bokn idrettslag

Brukt Simo Classic bagvogn, mørk blå m. pose, ts. kr.1000,-.
Fint brukt Emaljunga
sportsvogn, grønn m.svart understell – 95 mod. kr.1500,-
m.regnslag – tlf.52 74 85 34

### HEIMEKAMPAR I JUNI
### LILLEGUTT/ SMÅGUTT/ A-LAGET

| | | |
|---|---|---|
| Lillegutt: Tirsdag | 09.06 kl. 18.15, | Bokn – Djerv 1919 |
| Smågutt : Mandag | 15.06 kl. 18.30, | Bokn – Vindafjord |
| A– laget: Fredag | 19.06 kl. 19.00, | Bokn - Finnøy |

*Hjertelig takk for blomster og all deltakelse ved vår kjære Else Lofthus bortgang.*

*Familien*

*Hjertelig takk for all deltagelse og blomsterhilsner, samt gåver til sjukestova, ved Jakob Øvrebø`s bortgang. En spesiell takk til personalet ved sjukestova for omsorg og god pleie*

*Klara Øvrebø m.familie*

*Hjerteleg takk for all oppmerksomhet på 80 års- dagen min.*

*Ole Borgenvik*

*Hjertelig takk for blomster og helsingar til min 90 års-dag.*

*Olga Alvestad*

## STØNAD TIL DELTAKING PÅ KURS
**- for lag og organisasjonar -**

Driftsstyret kan yta stønad til deltaking på kurs/konferansar som tar sikte på skolering av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn. Slik stønad kan søkjast gjennom heile året, og gjeld berre for deltaarar frå lag og organisasjonar i Bokn kommune. Søknad kan sendast før påmelding til kurs/konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter mottatt søknad.

I søknaden skal desse opplysningane stå:

- kurslengde
- arrangør
- program
- opphalds- og kursavgift
- utgifter til materiell og reise
- namn på kursdeltakarane frå laget

Vennligst bruk denne rekkefølga i søknaden samt at det blir lagt ved dokumentasjon av det som blir søkt støtte til.
Tilskot kan ytast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds- og kursutgifter.

Det er viktig med kursverksemd, ikkje minst med tanke på inpirasjon og utvikling i laget. Med dette vil kommunen oppfordra dei laga som ikkje nyttar seg av dette tilbodet om å gjera det.

## *BOKN HAGELAG UTLEIGE*

Hagelaget har invistert i ny høgtrykksspyler, som er til utleige.

| | |
|---|---|
| Høgtrykksspyler | kr. 100,- (medl.)<br>kr. 200,- (ikkje medl.) |
| Jordfresar | kr. 100,- (medl.)<br>kr. 200,- (ikkje medl.) |
| Plenluftar | kr. 75,- (medl.)<br>kr. 150,- (ikkje medl.) |
| Tilhengar | kr. 75,- (medl.)<br>kr. 150,- (ikkje medl.) |
| Plentrommel | kr. 0,- (medl.)<br>kr. 50,- (ikkje medl.) |

**Utstyret er hos Otto Fostenes tlf. 52 74 82 44**


# BOKN BYGDABLAD

- **UTGJEVAR**

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf 52 74 85 00
Fax 52 74 86 90
Bankgirokonto 3373 07 00305
Postgirokonto 0806 56 84501

- **BYGDABLADNEMND**

Arvid K. Jøsang
Eli Kro
Reidun Grønnestad

- **FUNGERANDE REDAKTØR**

Linda Ognøy

- **ABONNEMENT**

| | |
|---|---|
| Innanbygds | kr. 100,- pr. år |
| Utanbygds | kr. 150,- pr. år |

- **ANNONSEPRISAR**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 500,- |
| Halvside | kr. 300,- |
| Kvartside | kr. 150,- |
| 1/8 side | kr. 100,- |
| Små privata. | kr. 30,- |
| Fastannonse | etter avtale |

- **FRIST FOR STOFF**

Den 18. i kvar mnd.

- **FORSIDE**

Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm frå Vikingtid ( 900 - 950 e.Kr. )


## *HAGELAGSTUR TIL FLOR OG FJÆRE*

### *-SØR HIDLE-*

Lørdag 29. august reiser me frå Føresvik kl. 9.30 med båten "GÅ PÅ".

Dette er ein fellestur for hagelaga i nord-fylket. Arr. Karmøy hagelag.

Pris kr. 550,- inkl. båt, inngang og eit måltid mat.

Påmelding til Ragnhild Trosnavåg tlf. 52 74 85 04.

**NB! Begrensa plass**

Bokn hagelag

# B–Blad

RETURADRESSE:
**BOKN KOMMUNE**
**4290 BOKN**

# KULTURKALENDEREN

*JUNI*

05.-
07.: Ulve/meise-leir på Karmøy

07.: Møte NMS – bedehuset kl. 19.30

14.: Gideon – bedehuset kl. 19.30

14.: BORK – Grilling og gymkhana, turriding på Ognøy

18.: Avslutningsfest for 10. kl., Bokn skule

19.: Skuleavslutning, Bokn skule

23.: Speidarane - Jonsokfeiring i Peralia

28.: Firebruerløpet/bruamarsjen – arr. BIL

***JULI***

04.-
11.: Speidarlandsleir Jæren 98

11.: Marknadsdag i "Krojen" hos Steinar Alvestad

## Legekontoret

Kommunelegen har ferie i veke 23 og 24 (onsdag 3.,mandag 8., og torsdag 11 juni) Per Christensen er vikar desse dagane.

## Fysioterapien

Fysioterapeuten har ferie frå veke 25 til og med veke 31.Det vil seia at siste dag med fysioterapi før sommaren er torsdag 11.juni, første dag etter ferien er tysdag 4.august. **Obs.: Det ligg att ein del glømte handkle og laken på den gamle fysioterapien. Vi ber om at dei som kan ha glømt igjen noko etter avslutta behandling, hentar dette innan utgangen av juni.**

## BOKN BYGDEMUSEUM

Museet har ope kvar sundag kl. 15.00 – 18.00 i mnd. juni, juli og august



*JUNI*

21.: Gudsteneste kl. 11.00

*JULI*

12.: Gudsteneste kl. 11.00

***FOTTERAPI***

Kvar **fredag**. For påmelding
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

***BOKN FYSIOTERAPI***

*Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00*
*Tysdag og torsdag kl. 9.00 – 15.30*

**Ordføraren** er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

***LANDBRUKSKONTORET***

***Kvar fredag kontordag i Boknatun***

## TILBUD
## STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.
Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.
*Kontakt Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy*
51 72 32 87 94 67 08 73

***HELSESTASJONSDAG***

Torsdagar 9-11.30. Elles etter avtale.
**Eva Brunborg Svendsen**
**helsesøster**